

**Frå:** Anne Lise Molvik  
**Send:** onsdag 8. mars 2023 08:55  
**Til:** jha@aaj.no  
**Emne:** Vedkomande førehandskonferanse - gbnr 188/358 Gjervik ytre

Til Aas-Jakobsen AS ved Joar Hagen

Vi viser til dykkar førespurnad om førehandskonferanse på gbnr 188/358. Vi klarar diverre ikkje å gjennomføra møte 9. mars som de ønskjer, men har sett av tid til møte 14. mars kl. 09.30. Det kan også vera mogleg å gjennomføra møtet 17. mars kl. 13.00.

Vi ber om tilbakemelding på om desse tidspunkta er aktuelle og om de ønskjer å gjennomføra møtet på Teams eller ved personleg oppmøte.

For at kommunen skal kunne førebu møtet best mogeleg ønskjer vi at det vert send inn ei kort utgreiing om det planlagte tiltaket og eventuelle spørsmål de ønskjer avklart. Vi ber om tilbakemelding innan fredag 10. mars kl. 12.00.

Vennleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40/45 37 58 45

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE